

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Støren.

Emne: Vaving.

Bygdelag: Haukdal

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal

(adresse): Snøan st.

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Kari J. Hugdal, 67 år, husmor, Haukdal.

SVAR

Vaving.

1. For mannsklær har det vori brukte vadmel til ytterklær. Vevearten for dette tytslaget var 3skift. Dette tyet vart brukte til bukse, vest og jakke. Somme tider sauma dei frakk også av vadmel. Det kunne vera saugrått eller vevd av kvit ull og så farga svart eller blått.

2. Kvinneklar vart vevd fireskaft og toskaft. Stakken var av ullty som minnte mykje om vadmel, men var noko tunnare. Trøya var ofte av same slag ty, men kunne også vera av halvullty. Renninga var da av bomullsgarn og veften av ull.

3. Underty for menn var av lerret og av halvullty. Halvullty var ofta brukte i underbukse og skjorta var av lerret. I eldre tider var skjorta av lin. Frå den tida har vi nemninga striskjorte. Lin- og lerretsveven var 2skift og halvulltyet var 4skift.

Eldre gubbar brukte også skjorte av halvullty.

For kvinner var det same slag ty i undertøyet. Buksa var av grått halvullty og serken av lerret. Linserk var også brukte i eldre tid. Alt var heimeverka og slitesterkt. Vevnaden var 4skift og toskaft.

4. Tyet til sengomheng var toskaft. Det var av lin eller lerret.

5. Laken, putevar og sengetepper var av lin eller lerret. Vevnaden var alltid toskaft.

6. Dukar og serviettar var ikkje brukte til dagleg. Det einaste ein veit av er den lange linduken til gjestebodsbor det. Han var det toskaft vevnad på.

7. Handklæde var av lerret eller av lin. Toskaft og fireskaft vevnad.

8. Åklær og tepper var fireskaft vevnads.

Stadeigne namn på ymse vevnad veit ein ikkje av. Det er akaft som er nemninga.

11. Ingen stadeigne mønster eller motiv.

9888

Jens Haukdal.